



Regjeringa arbeid òg med ein strategi for eit aktivt friluftsliv, der målet er å få fleire menneske til å utøve friluftsliv på jamleg og varig basis. Dette krev satsing på friluftsliv i nærmiljøet, herunder både i og ved byar og tettstader, for å nå born, unge, personar med innvandrarbakgrunn og grupper som er lite fysisk aktive.

Friluftslivets år i 2015 vil òg setja friluftsliv på den nasjonale dagsordenen. Ei viktig målsetjing med året er å medverke til at endå fleire tek til å utøve friluftsliv på varig basis.

Midla til friluftsliv over budsjettet til Miljøverndepartementet har auka frå 93 mill. kroner i 2008 til 153 mill. kroner i 2013, ein auke på over 60 %. I tillegg finns fleire andre tilskottsordningar som vedrører friluftsliv, både over budsjetta til Miljøverndepartementet og over budsjetta til andre departement. Til dømes fekk NJFF 8,0 mill. kroner i driftsstøtte frå Miljøverndepartementet i 2013, medan DNT fekk 5,5 mill. kroner. I tillegg blir det gjeve betydelege beløp til tiltak og aktivitet for friluftsliv frå spelemidlane.

Døme på andre tiltak og verkemiddel som er viktige for friluftsliv er vern av viktige naturområde etter naturmangfoldloven, som svært ofte òg er verdifulle friluftslivsområde. I tillegg er friluftsliv og grøntområde sentralt i ulike prosjekt og satsingar, som til dømes Fremtidens byer.

Organisasjonane er svært viktige i arbeidet med å få fleire til å utøve friluftsliv, slik at friluftslivet sitt folkehelsepotensial i endå større grad blir realisert. Samarbeidet med dei frivillige organisasjonane i friluftslivsarbeidet vil halde fram.

Eg vil understreka at eg synest det er flott at organisasjonane engasjerar seg i dette viktige arbeidet. Saman skal vi bidra til at endå fleire får del i dei gledar og den helsegevinst som ligg i friluftsliv.

Med helsing

Bård Vegar Solhjell